




Høyanger kommune

Sentraladministrasjonen

Det kongelige finansdepartement
Postboks 8008 Dep

0030 Oslo



Saksnr.
2007/871

Arkivkode

Løpenr.
8601/2007

Saksbeh.
SVF

Dato
06.12.2007

Utredning om betaling for bruk av areal i kystsonen – innspel frå Høyanger kommune.

Generelt.

Presset mot ålmentas adgang til bruk av kyst(strandsone) har auka monaleg i takt med auken innanfor akvakulturnæringa.

Lokaliteter i sjøen bandlegg mykje større areal enn det synlege arrangementet- m.a gjennom vilkår om minsteavstand til segling, fiske etc.

Når akvakulturen fordrar foring, vil straumbilete etc. ha avgjerande innverknad på t.d. friluftaktiviteter i umiddelbar nærleik. Forrestar og fecés vil kunne gjere bading og fisking uaktuelt i områda. Det vil vere interessekonflikter, som ein bør forsøke å minimalisere gjennom gode kommunale sektorplanar. Utvikling og ajourhald av slikt planverkty har ein kostnad som det kan vere rimeleg å søke inndekt i nokon grad gjennom skatt/avgiftsordningar for næringsinteressenter. Ålmentas adgang til å bruke sjøen og strandsona m.a. gjennom den sedvanlege allemannsretten, må sikrast gjennom god arealplanlegging.

Skatter/avgifter frå næringsaktivitet i kystsona bør difor kanalisert til oppgåver som planlegging og ajourhald knytt til ovannemnde tema, og ikkje gå inn i det store sluket.

Å utvikle eit hensiktsmessig berekningsgrunnlag for bruk av kystareal er ei utfordring, da graden av bandlegging og nivå på interessekonfliktane vil være svært forskjellige frå område til område.

M.a. vil ordninga med nasjonale laksefjorðar/laksevassdrag leggje sterke føringar på kva som kan tillatast i meir indre fjordstrøk. Det sesongbetonte fisket etter nokre artar- t.d. sild, makrell og brisling, og problematikken kring låssetjingsplassar vil kunne opplevast som tunge interessekonflikter, og frå bae næringane vil ein lett kunne krevjast avstandsstandardar, som aukar graden av bandlegging i kystsona og skjerpar interesse motsetnadene.

Postadresse:
Postboks 159
6991 HØYANGER

Besøksadresse:
Aug. Gunnarskogsgt. 1
6993 HØYANGER

Telefon:
57711500

Telefaks:
57711501

Bankkonto:
3720 12 79764
Org.nr. 944439838

Når det gjeld definisjonen av kystsona- kystareal, meiner vi det også bør omfatte indre fjordstrøk- men at verknaden av næringsmessig bruk av sjøareala lenger inne i fjordane må vurderast annleis enn lenger ute mot kyststraumane.

Vi meiner at økologiske moment må få breiare plass i utgreiingane- og tilleggjast stor vekt ved vurderingane som skal gjerast, og at omgrepet bærekraft ikkje berre må handla om næringsøkonomiske vurderingar.

Når det gjeld regjeringas strategi for konkurransedyktig norsk havbruksnæring, så inneber denne truleg ein av dei aller største interessekonfliktane i feltet.

Regjeringa sin strategi for ei konkurransedyktig havbruksnæring tek utgangspunkt i ein komparativ studie av konkurranseforholda for oppdrettsnæringa i Norge, Scotland og Chile. Konkurransesforhold handlar om handelsvilkåra- men det vert og sagt at omsynet til fiskehelse, velferd og miljø samtidig skal ivaretakast.

Hovudtema synest å være arealbruk/arealutforming og handtering av laksekonsesjonane. Under andre utfordringar er nemnt bærekraftig vekst og visjonen nullflukt. Vi stiller oss tvilande til at det er plass for særleg vekst innanfor særleg laksefiskproduksjonen- om ein skal ta økologiske aspekt inn i vurderinga av bærekraft- vurdert opp mot Norges internasjonale forplikting for ivaretaking av Atlanto-scandiske laksestammar og andre multilaterale fiskeriavtalar gjennom dei internasjonale fora som arbeider med desse temaene.

Det er venta at ein når produksjonstaket for nasjonal MTB (Maksimalt tillaten biomasse) i 2009-2010. Det er samtidig og planlagt ny tildelingsrunde for laksekonsesjoner i 2009, og at det deretter siktast mot å gjennomføre årlige konsesjonsrunder. tilpassa veksten i markedet.

Etter vårt syn må framtidige utvidingar tuftast på at dei økologiske systema toler det- og då må også kunnskapen frå den biologiske /økologiske grunnforskinga ha brei plass i vurderingsgrunnlaget. Kva som pr.d.d. ligg til grunn for noverande MTB er ikkje kjendt for oss, men vi går ut frå at det ligg både føre var- og tolegrensevurderingar i botnen.

På ein slik bakgrunn fortøner det seg tvilsamt å berre tillate fleire konsesjonar og større produksjonsvolum i dei eksisterande - utan å fundere dette på meire- og kvalitetsmessig betre grunnforsking på høgare nivå- enn det som hittil har lege til grunn. Kfr. kritikken som ligg i den internasjonale vurderinga av nivå/kvalitet i norsk grunnforsking. (Strategidokumentet)

Den globale etterspurnaden etter sjømat er stadig aukande, og vil måtte dekkast frå havbruk. Knaptheit på marint råstoff til fôr vil kunne bli ein begrensande faktor i oppdrett av laks- heiter det i regjeringas strategidokument.

Det er allereie knapt med marint råstoff til fôr, og dette råstoffet kjem for ein stor del frå industrifiske på dei same artane som inngår i næringskjedene for den marine fisken langs norskekysten og i verdshava. Vi meiner at økologiske aspekt ikkje blir sterkt nok vurdert og forska på i denne samanhengen. Nettoen av vekst i oppdrettsnæringa blir difor langt på veg oppspist av reduksjonen i aktivitetane i den ordinære fiskerinæringa, når ein risikerer eit overfiske i desse næringskjedene.

Eksportutvalet for fisk (EFF) er organisert som eit statleg aksjeselskap- finansiert gjennom ei eksportavgift pålagt all norsk eksport av sjømat. For å sikre at verksemda her skjer i tett samarbeid med sjømatbedriftene, består styret av representantar frå næringa. Derved risikerer ein at bedriftsøkonomisk og handelspolitiske føringar overskygger økologi-biten i bærekraftvurderingane, noko som på sikt vil rive ned omdømmebygginga.

Under temaet forskning og utviding er det framhalde **at ei internasjonal evaluering av norsk biologisk forskning konkluderer med at norsk havbruksforskning ikkje er tilstrekkeleg fundert i grunnforskning av høg kvalitet**. Dette vert framhalde som ei hindring for reell nyvinning og utvikling av næringa. Vi ser og dette som ein alvorleg mangel for utvikling av kunnskapsunderlag for lokal tilrettelegging for bærekraftig forvaltning og bruk av våre kystområde. Mange kommunar har altfor liten naturfagleg kompetanse til å kunne avbøte denne mangelen.

I same strategidokument vert det signalisert at det pågår eit arbeid for å slå saman; Fiskeriforskning, Akvaforsk, Matforsk, og Norconserv til eit forskningsinstitutt; NOFIMA AS. Dette vil gje større faggrupper bak kvar satsing, fordi dei berørte institutta har mange overlappende temaområde. Dette vil og gi ein meir effektiv ressursbruk, mindre sårbarheit for instituttene og styrka internasjonal konkurransekraft, heiter det.

Dette underbygger våre synspunkt på at økologien ”druknar”. Uavhengige norske og internasjonale grunnforskningsinstitutt har altfor snevre budsjett til å kunne bibringe ny grunnleggjande økologisk kunnskap som bakteppe for den anvendte forskningen som NOFIMA AS skal drive. Vi meiner det må være eit krav at både næringa og staten må delta langt tyngre i finansiering av denne grunnforskinga- om bærekraftig forvaltning skal få eit reelt innhald.

Vi vil difor hevde at det meste av snakket om bærekraft – dreier seg om nærings- og lønnsnivåsvurderingar, og i liten grad vert prega av føre var-tenking, økologi og tolegrensar for uttak frå havet.

Under temaet effektiv forvaltning er det ei oppstilling av ei rekkje forskjellige lovverk som på forskjellig vis er med og regulerer havbruksnæringa. Det er difor ei stor utfordring å få til ei god samordning og effektiv sakshandsaming. Vi meiner likevel ein går for langt, når ein delegerer mynde i **”kurante saker”** frå Fylkesmannen, mattilsynet og kystverket, der særleg dei to førstnemnde er dei organa som i nokon grad ivaretek biologiske- og økologiske aspekt ved omsøkte tiltak. Kven avgjer kva som er kurante saker? Opplevinga av kurant er ei heilt anna på sakshandsamars kontor enn i dei nærmiljøa tiltaka rammar og skal planleggjast! Vi trur ikkje ei overføring av avgjerdsrett til eit regionalt fiskeridirektoratkontor er tenleg. Her ligg kime til mange klagesaker- som slett ikkje gir effektiv og rask handsaming - snarare tvert imot.

Ein kompliserande faktor i høve til lokal styring og prioritering er og at konsesjonane blir omsett mellom næringsutøvarar mot betaling. Sjølv om det er vilkår eigaravgrensingar vil ”dei store” innanfor næringa søkje dei beste lokalitetane og nytte desse optimalt- dvs til noko går gale, eller ein slepp til på nye- og betre lokalitetar andre stader. Då vil ein kanskje etterlate seg sår i terrenget- i ein viss grad ha ”forbrukt” eit område som forringar både verdier og rettar i området.

Fleire andre tema- m.a. medisinerings/resistens, fiskehelskontroll mv. er og interessante i høve til samspel med andre artar- annan produksjon- bærekraftig utvikling- men dette let vi ligge i denne omgang.

Vi imøteser dette arbeidet i fortsetjinga med interesse, men meiner prinsipalt at kommunale skatteinntekter frå eit framtidig skatte- og avgiftsopplegg, i stor grad må kanalisrast inn mot å skaffe- og vidareutvikle kommunane fagkompetanse til å sikre verkeleg berekraftig næringsverksemd gjennom godt lokalt planleggingsarbeid.

Kommentarar til punkta på s. 2

1. Det er pr.dato 9 tillatelser for laksefisk i vår kommune
2 kultiveringstillatelser, 3 komersielle settefisktillatelser, 2 komersielle klekkeritillatelser og 2 kommersielle matfisktillatelser.

Det er 7 tillatelser for torskeoppdrett- herav eitt settefiskanlegg.

Det er 3 tillatelser for blåskjell.

Det kan forventast ei utvikling i retning av fleire laksefisk- og torskekonsesjonar.

Blåskjeldyrking har vist seg vanskeleg i Sognefjorden. Blåskjellanlegg legg likevel beslag på større strandareal- ved at dei gjerne går parallelt med stranda.

Kommunen har inne søknader om nye område for akvakultur, som vil bli handsama etter at vi er ferdige med høyringsrunden på ein heilt fersk "temaplan for akvakultur"

2. Anlegga i vår kommune er for det meste knytt til konsesjonar.

3. Ei viss interessekonflikt mot fritidsfiske kan registrerast- men pr.d.d, er dette toleleg og handterbart.

4. Ureining har vore ei utfordring ved dei eldste anlegga, men brakklegging/ flytting til djupare vatn med betre utskifting gjer at vi no kan seie at nivået kan tolast.

7. Vi har temaplan akvakultur på høyring, der det ligg føre ei vurdering av korvidt kysområda våre er eigna til diverse former for akvakultur- og det blir lagt opp til ei drøfting av kombinasjonar mellom ulike brukarinteresser.

8. Generelt kan vi vel seie å ha for liten kompetanse til kystsoneplanlegging, men at mykje relevant fagtilfang er tilgjengeleg på nett. Vår evne til å etterprøve fakta i ein del søknader/saker er generelt for svak- slik at vi opplever at næringsinteressene langs kysten får friare spelerom når produksjonen går ut i sjøen, medan sakshandsaming etter PBL går greiare for landbaserte tiltak.

9. Topografien stiller store utfordringar i vår kommune. Bratt terreng ned mot fjord fordrar bruk av relativt store areal også på land for tilkomst, kaier, landbasar m.m.
Tilgjengelege strandområde er og gjerne og dei mest populære i utfartssamanheng, slik at vi nok har knapt med kystareal for ein større framtidig auke innanfor akvakultur.

Den opne Sognefjorden gjer og at mange lokalitetar som for så vidt kunne vere eigna, er svært eksponert for vør og vind, med fare for rømming eller havari. Derved aukar og presset på dei meir skjerma områda i viker og bukter.


10. Det å kunne sikre at ein i størst mogeleg grad kan avdekke og redusere interessekonflikter gjennom god planlegging og tilrettelegging, er akseptabel grunngeving for at næringsdrift i kystsona kan påleggjast avgift/skatt for bruken av den ressursen kystsona utgjer. Utfordringa ligg i å finna eit toleleg avgiftsnivå, og at desse blir brukte til å styrke kommunens planleggings- og handlingskompetanse på feltet.


Ei stor utfordring er at forvaltningen av kystressursane er så fragmenterte- ved at sær mange aktørar har roller å spele i avgjerdsprosessane. Ofte skjer endringar innanfor rammene til desse organa – utan at resten av heilskapen innretter seg deretter. Betre koordinering av lover og anna

rammeverkty helsar vi velkomen- men åtvarer mot ei overforenkling - vridd mot dei næringspolitiske temaene på bekostning av øko/biologiske faktorar.

Publikums bruk av kysten til helsebringande fritidsaktiviteter må aldri bli tema for statleg avgiftspolitik.

Mvh


Arvid Lillehauge
- rådmann -


Svein Arne Forfod
- miljøvernleiar -